

REGISTRERING AV RINGGÅS VED VÅRSOLBUKTA

28 MAI - 3 JUNI 1999

Mikael Lagerborg og Øystein Varpe

INNLEIING

I samband med pågåande registrering av ringgås har vi på oppdrag fra Sysselmannen på Svalbard, SMS, vore i Vårsolbukta i Bellsund for å gjennomføre registrering av rastande gjess. Med bakgrunn i tidlegare erfaringar fra plassen og basert på informasjon fra Preben Clausen, Danmarks Miljøundersøgelser (DMU), vart tidspunktet lagt slik at oppholdet skulle treffe ankomsten av dei første ringjessa. Vi hadde om lag ei veke til disposisjon, og i dette tidsrommet håpa vi også å kunne registrer toppen i trekkforløpet. Det vart utført daglege tellingar av ringgås og kvitkinngås og gjort avlesing av individmeka gjess av begge artar. I tidsrommet var det også eit feltparti på Fuglehuken for å gjere ringgåsregistreringar.

METODE

Logistikk

Vi budde på Camp Millar, SMS si hytte som ligg midt i rasteområdet under Ingeborgfjellet. I perioden hadde vi radiosamband med SMS. Transporten til og fra området skjedde med helikopter.

Arbeidsområde

Tellingane er gjort i området som strekkjer seg fra odden vest av Diabasbukta i aust til Sjerpodden i vest. Dette er ein strekning på 5 km. Området aust for Millarodden er gjennomskåre av mindre fjellryggar med vegetasjonsrike område i mellom. Vest for Millarodden er det ein samanhengande vegetasjonsrik skråning til austre utløparen av Kleivdalsbekken. Vidare vestover er det ei grusslette med enkelte smeltevatndammar. Utanfor Skjerpodden ligg Reiniusholmane, med ein kvitkinngåskoloni på Bellsundholmen.

Arbeidsmetode

Vi gjorde *ei* dagleg telling av gjessa. Tellinga vart lagt først på dagen, og vi brukte tre faste punkt i fjellskråninga til denne. Herifra hadde vi god oversikt, og tellinga gjekk raskt utan at vi forstyrra gjessa. Arbeidsområdet lot seg naturleg dele inn i sonar, og dette letta arbeidet. Etter tellinga hadde vi godt overblikk over kor gjessa beita, og vi kunne legge opp arbeidet med ringavlesingar. Då ringgås er den prioriterte arten brukte vi mest tid på denne, men fordelinga av tida på dei to artane varierte fra dag til dag. Antal,

aktivitet og fordeling hos gjessa, samt observasjonsforhold påverka dette. Det er mindre tidkrevande å lese ringar på kvitkinngås enn på ringgås. Sistnemde beitar gjerne i bekkefar, og ringane på beina er då vanskelege å sjå, og dessutan er arten meir var og uroleg.

Verforhold

Vi hadde overskya ver og temperaturar rundt 0°C dei fem første dagane. Dei to siste dagane var det lettskya til klart ver, og temperaturen steig til ca. 4°C. Alle dagane hadde vi periodar med sjenerande vind, som er eit problem ved bruk av teleskop. Hildring vanskleggjorde avlesing av ringar dei siste dagane. Snøsmeltinga var kome langt i arbeidsområdet, og det var bare nokre snøfonner igjen i fjellsida. Landkallen var framleis farbar. Vårsolbukta og Van Muydenbukta var dei første dagane fylde med oppbroten fjordis, men denne forsvann mot slutten av perioden. Isen mellom Skjerpodden og Bellsundholmen dreiv vekk siste dagen, og då var Bellsund heilt isfritt.

Hjelpemiddel


Vi brukte handkikkertar og i tillegg to teleskop, det eine svært bra med 20-60X okkular. Det er heilt nødvendig med stor forstørring og for å kunne gjere sikre avlesingar. Stabile stativ og gode panoreringshovud er også viktig.

RESULTAT

Ringgås

Daglege tellingar

Talet på ringgjess i området varierte fra 69-441 individ, men første dagen var det ikkje ringgjess til stades (figur 1). Det var gunstig å komme til området før dei rastande gjessa og informasjonen fra Danmark var verdifull for å få til dette. Vi observerte ein rask auke i talet fra 29 mai til 31 mai, med eit maksimum sistnemde dato. I dagane som følgde var talet stabilt, mellom 300-400 individ. Tala for kvar einskild dag er nøyaktige, men likevel kalla minimumstal.



Figur 1: Minimum antal ringgås ved Vårsolbukta 28 mai - 3 juni 1999

Avlesing av koderingar

Vi registrerte 12 ulike ringmerka individ og visse fuglar vart observert fleire av dagane (appendix 1). Av desse vart 5 individ registrert på Nord-Aust Grønland sommaren 1998 (Clausen, pers.). Totalt gjorde vi 19 registreringar. For enkelte av desse var det vanskeleg å lese bokstavkodane, men etter korrespondanse med Preben Clausen kan alle avlesingar knyttast til dei 12 individa. Talet på kontrollerte gjess varierte fra dag til dag (tabell 1), og vi poengterer at dette er minimumstal. Vår erfaring er at det må brukast god tid når ein nærmar seg ringgås i åpent terreng for å unngå forflyttingar av gjessa. Etter ønske fra Preben Clausen prøvde vi å avgjere abdominalprofilar på dei ringmerka gjessa. Desse resultatane er ikkje gitt her.

Tabell 1: Ringgås

	28 mai	29 mai	30 mai	31 mai	1 juni	2 juni	3 juni
Totalt	0	69	124	441	375	306	326
Minimum antal kontrollert for ring		44	101	232	150	240	149
Prosent av totalen kontrollert		64	81	53	40	78	46
Antal individ med ring		1	1	4	4	4	5

Ungfugl og fargevariantar

Det var 2-4 2K-individ og 1-2 mørkbuka individ, *Branta bernicla bernicla*, kvar dag. Vinteren 1998 var andelen ungfugl 8% (Clausen, pers.).

Trekkaktivitet

Vi registrerte tre ulike flokkar som kom direkte inn til området fra sør. Flokkfordelinga var 16+8+17 individ og dei kom mellom klokka 12-13 den 2 juni. I den første flokken var det også to kvitkinngjess. Gjess som trakk ut av området vart registrert den 31 mai då 42 individ drog lavt langs fjella mot nord-vest. Den 2 juni drog 55 individ i same retning, men desse tok høgde, om lag 200 meter, før dei flaug.

Gjessa var periodevis urolege og skifta beiteplassar utan synleg påverknad fra rev eller vår aktivitet. Det vart dagleg observert flokkar som drog til utkanten av området i vest og landa der.

Beitande flokkar

Gjessa var jamt spreidd over heile området, oftast utan tydlege flokkar. Dei gongane ei samling beitande gjess såg ut til å vere ein flokk kunne dette vere delar av fleire flokkar ettersom nokre gjess vart sitjande igjen, når andre letta. Dei som letta blanda seg gjerne med fuglar fra andre samlingar i lufta eller ved landing i nye område.

Paring

Vi observerte to paringar. Den 31 mai var det paring mellom FC og CB og den 1 juni para DT seg med ei umerka hoe. I ein pytt i eit bekkesig låg hoa og bada seg, først aleine seinare i lag med hannen. Overgangen til kopulasjonen var brå. Det første paret brukte ca.

12 sekund på kopulasjonen, det andre 25 sekund. Etterpå var det ivrig risting og ei lengre tid med bading og stell av fjærdrakta. Paringane foregjekk i eit vanlig brukt beiteområde og med andre gjess like ved.


Kvitkingås

Daglege tellingar

Talet på gjess i området varierte fra 370-957 individ, med toppen den 30 mai (figur 2 og tabell 2). Gjessa som er tald på Bellsundholmen tilhøyrrer truleg hekkebestanden der, og tala derifra er spesifisert. Resten av området er kalla primærområdet. Ved eit kort besøk på holmen den 1 juni såg vi om lag 250 individ. Dette viser at det ikkje var råd å sjå alle gjessa på holmen fra dei daglege tellepunkta våre. For primærområdet er tala sikre, men vi kallar dei minimumstal.

Tabell 2: Kvitkingås; antal inivid i ulike område

	28 mai	29 mai	30 mai	31 mai	1 juni	2 juni	3 juni
Totaltal	777	843	957	714	478	403	370
Primærområde	724	794	901	638	378	335	240
Bellsundholmen	53	49	56	76	100	68	130



Figur 2: Minimum antal kvitkingås ved Vårsolbukta 28 mai - 3 juni 1999

Avlesing av koderingar

Vi avleste 153 ulike ringkombinasjonar og hadde totalt 197 avlesingar (appendix 2). Det var til tider vanskeleg å avgjere om ein ring var kvit eller gul. Fargeinntrykket varierte med underlaget og vegetasjonen. På kvit snø var det enklast. Gjess med bare metallring vart også observert. Det var ikkje store mengder gjess i området rundt Camp Millar kor mange ringavlesingar er gjort direkte fra hytta tidlegare år.

Øvrige kommentarar

Også kvitkinngjessa var spreidde i terrenget, men beitinga verka å foregå meir parvist enn for ringjessa. Dei gjekk også høgre opp i sidene og beita. Vi registrerte ingen trekkaktivitet for kvitkinngås. På Bellsundholmen konstaterte vi at egglegginga var starta. Ei albinogås var i området heile perioden. Ho hadde svarte/mørke bein og nebb, og i fjærdrakta var det lysegrå teikningar på vingeoversida og i nakken.

ØVRIGE REGISTRERINGAR

Havhest

Enkeltindivid flaug forbi fjellet og langs landkallen, men det var ingen teikn til hekking i fjellet.

Kortnebbgås

Opp til 18 individ per dag vart sett flygande forbi eller parvis beitande i terrenget. Ved ein tur til Fridtjovhamna 2 juni vart det registrert 25 individ i terrenget aust for Camp Millar. Ingen gjess vart sett på reir.

Grågås

Natta den 2 juni landa 3 individ ved hytta. Dei flaug raskt vidare.

Ærfugl

Talet varierte mellom 100-250 individ per dag. Dei låg på isflak og små skjær, og svømte i tette flokkar.

Praktærfugl

Ein hanne vart sett i ein ærfuglflokk den 30 mai.

Havelle

To flokkar vart observert i Van Muydenbukta den 1 juni, 40 + 19 individ.

Heilo

Eitt individ sett i flukt forbi Camp Bell den 29 mai.

Fjæreplytt

Arten var allmenn i området.

Storjo

To observasjonar vart gjort, eitt individ sett på eit isflak den 1 juni, eitt kretsande høgt oppe, natta den 3 juni.

Tyvjo

Første dagen såg vi ikkje tyvjo, men den 29 mai vart han observert og talet auka gradvis til 5 individ den siste dagen. Alle individa var av den lyse fargevarianten. Eit par gongar skremde tyvjo mindre kvitkinn- og ring-gåsflokkar på flukt.

Sildemåke

Ved Reiniusøyane den 1 juni såg vi eitt 4K-individ, men underart er forløpig ikkje avgjort.

Svartbak

Vi gjorde daglege observasjonar av opp til to par. Desse hekkar truleg på Reiniusøyane.

Polarmåke

Arten er vanleg i området og vart ofte sett tett inntil fuglefjella der han skremde opp alkekongeflokkar. Eitt reir med tre egg vart sett 3 juni.

Krykkje

Arten er ein vanleg hekkefugl i Ingeborgfjellet. Heile perioden samla krykkjer bumateriale.

Alkekonge

Store mengder av arten holdt til i ura under Ingeborgfjellet. Vi såg også alkekonge på hyller i fjellet.

Polarlomvi

I Ingeborgfjellet er også polarlomvi ein svært vanleg art. Store mengder vart sett utover Bellsund.

Teist

Spreidde individ vart observert på sjøen.

Steinskvett

Ei hoe vart observert i nærleiken av hytta to gongar, 1 og 2 juni.

Snøspurv

Arten er vanleg i området, og reirbygging vart observert.

Polarrev

Vi observerte 5-7 ulike individ i området. Dei var å sjå i heile området og vi såg fleire mislykka angrep på gjess. Ved Skjerpodden kom det eit individ over isen med eit egg fra kvitkinngås i kjeften.

Svalbardrein

Om lag 20 individ hadde tilhold i området.

Kvitfisk

På flyturen tilbake såg vi kvitfisk mellom Russekeila og Festningen, to av desse kuer med kalv.

SLUTTKOMMENTAR

Tidspunktet for registreringa var godt valgt, og det må seiast å vere ein fordel å komme til Vårsolbukta før dei rastande ringjessa. Men for å registrere kor lenge området vert brukt, krevst eit lengre opphold. Med den tida som var til disposisjon i år, meiner vi utbyttet har vore svært vellykka. For framtidige registreringar vil det vere nyttig å ha med komplette lister over ringmerka ringgås, noko vi hadde stor glede av, og oversikt over dei ulike typar av ringmerking som er brukt til kvitkinngås. For å kunne samanlikne tal for kvitkinngås fra ulike tellingar burde arbeidsområdet på førehand ha definerte yttergrenser. Vi er svært nøgd med all logistikk rundt oppdraget, og vi hadde gode dagar i Vårsolbukta.

ADRESSER

Mikael Lagerborg, veg 228-14, 9170 Longyearbyen. Tlf: 79021843
Øystein Varpe, Søre Neset, 5200 Os. E-post: varpe@hotmail.com

Appendix 1:

Merka ringgjess avlest i Vårsolbukta våren 1999


Mikael Lagerborg og Øystein Varpe

Nr.	Venstre fot	Høgre fot	28 mai	29 mai	30 mai	31 mai	1 juni	2 juni	3 juni
1	raud orange	grøn BZ		x					
2	orange TT	gul gul			x	x			
3	raud kvit	grøn CB				x			
4	orange grøn FC	kvit blå				x			
5	orange kvit NJ	raud grøn				x	x		
6	orange grøn DT	orange blå					x	x	
7	orange kvit DY	gul orange					x		x
8	grøn AS	gul orange					x	x	x
9	grøn AT	gul raud						x	x
10	kvit grøn	orange TH						x	
11	orange grøn DU	raud blå							x
12	raud kvit IA	kvit orange							x

AS og DY var i par, FC og CB var i par.

Appendix 3:

Kart over Vårsolbukta



Utsnitt fra Norsk Polarinstitutt's kart B10 (Van Mijenfjorden).